



Voss, 21. september 2020

Til VERDENS BESTE Funksjonærer – NM RIULLESKISKYTING VSOT 2020

Vel gjennomført NM Rulleskiskyting 2020

Som leiar i Organisasjonskomiteen for NM Rulleskiskyting 2020 i Voss Ski og tursenter, vil eg få lov å takka kvar einskild av dykk for vel gjennomført arrangement. For meg har det vore ei stor glede både å leia organisasjonskomiteen, og å vera delaktig i gjennomføringa av arrangementet.

Det har vore ei merkeleg reise frå me fekk tildelt arrangementet i fjor haust, til me no sit att stolte og tilfredse over at me klarte å få til det enkelte sa «at dette ikkje var mogeleg.» I oppkøringa og i planleggingsarbeidet, spesielt etter «Corona pausen», har det vore mange forhold som har måtta avklarast mot Corona reglar og Kommunelege. Eg ynskjer i den anledning å takka særskilt Oddvar K, Unni og Christer for den jobben dei har gjort, både i planlegging og gjennomføring av corona tiltak under NM.

Det er nesten heilt uverkeleg at Corona epidemien og nokre bubilar som var feilparkert fekk hovudfokus i samband gjennomføringa av arrangementet (i allefall i nokre seine natte/morgon timar). Alt anna gjekk til toppkarakter, utan ei einaste klage. **Gratulerar !!**

Sjølv om eg nemner «coronagjengen» heilt spesielt, skal de vita at eg har følgd godt med og registrert den flotte jobben kvar og ein av dykk har gjort. Fekk også klare attendemeldingar frå våre TD`ar, som framheva spesielt at alle funksjonærer løyste sine oppgåver med eit smil om munnen. Dette sette dei også stor pris på.

Helsing også frå politisk og administrativt hald i Norges Skiskyttar Forbund, som uttrykte berre vellete over det me har fekk til i Åsen, og sa at dette kom til å vera ein mal på korleis arrangement kan gjennomførast i løpet av vinteren. Dei aller mest fornøyde i Åsen var dei aktive (Sjå Hordaland kva Tiril Ecoff uttalar)

Frå meg spesielt, vil eg på nytt retta ei takk til alle som var funksjonærer under dette arrangementet, og understreka kor viktig eit slik miljø er for oss alle. Me må passa på at ingen får øydeleggja den gode tonen som har fulgt oss gjennom heile denne prosessen.

Ei takksam og audmjuk sjel frå Gjernes

Oddvar Jansen
LeiarOrg. Komm
NM Rulleskiskyting 2020